

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato:	17.04.2018
Tid:	09:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

Tid: Tysdag 17. april 2018

Stad: Wigandgården 8. etg. møterom: Forskjønnelsen kl. 09.00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.



Roger Pilskog
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/18	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 19/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.03.2018	2018/679	
PS 20/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 3/18	Overgang frå Vg2 yrkesfag til Vg3 påbygg.	2018/8242	
PS 21/18	Justering av tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2018/2019	2017/16980	
PS 22/18	Fråfall og opplæring - tiltak	2018/8502	
PS 23/18	Ymse		

PS 18/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2018/679-3
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	19/18	17.04.2018

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.03.2018

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 05.03.2018 vart godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato: 05.03.2018
Tidspunkt: 10:00-12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Fredrik Øsleby	Medlem	Lærlingrepr.
Kristin Elisabeth H.Moe	Medlem	Lærlingrepr.vara

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF
John Helge Gullaksen	Roald Stenseide	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marit Virkesdal	Seniorrådgjevar under sak 14/18
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsssjef
Anne Sara Svendsen	Fagleiar
Ann Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 11/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 12/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 30.01.2018	2018/679	
PS 13/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/18	Skulefrukost - opptrapping	2018/92	
PS 14/18	Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018	2018/7439	
PS 15/18	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018	2015/9089	
PS 16/18	Moglegheit for å få til ei landslinje innan design og tekstil Vg2	2017/16980	
PS 17/18	Ymse		

PS 11/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 12/18 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 30.01.2018

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 30.01.2018 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 30.01.2018 vart tatt til orientering.

PS 13/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Vedtak

Referatsak 2/18 vart tatt til orientering.

PS 14/18 Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018

Forslag til vedtak

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

PS 15/18 Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritera å:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til lære plass
2. Tilsetja ein person i 50% stilling for å rekruttere fleire lærebedrifter
3. Arbeida for å auke rekruttering til restaurant- og matfag
4. Auke arbeidet med rettleiing i lærebedrifter
5. Utarbeida eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa
6. Digitalisera driftsprosessar

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tor André Ljosland sette fram slikt forslag på vegne av KRF :

Stryk «i 50% stilling» i kulepunkt 2

Røysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sølvi Olrich Sørebo sette fram slikt forslag på vegne av KS:

Presisering av pkt. 1 i forslag til vedtak:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til læreplass, mellom anna ved at skulen gir systematisk lik og god:
 - tilrettelegging for og motivasjon til at all yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal skje i bedrift
 - informasjon om forventningar, plikter, rettar og prosessar rundt søkjeprosessen og læretida
 - hjelp til å finne lærebedrifter
 - rettleiing i søkjeprosessen
 - oppfølging av både lærling og lærebedrift gjennom heile praksisperioden

Røysting

Sørebo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritera å:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til læreplass, mellom anna ved at skulen gir systematisk lik og god:
 - tilrettelegging for og motivasjon til at all yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal skje i bedrift
 - informasjon om forventningar, plikter, rettar og prosessar rundt søkjeprosessen og læretida
 - hjelp til å finne lærebedrifter
 - rettleiing i søkjeprosessen
 - oppfølging av både lærling og lærebedrift gjennom heile praksisperioden
2. Tilsetja ein person for å rekruttere fleire lærebedrifter
3. Arbeida for å auke rekruttering til restaurant- og matfag
4. Auke arbeidet med rettleiing i lærebedrifter
5. Utarbeida eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa
6. Digitalisera driftsprosessar

PS 16/18 Moglegheit for å få til ei landslinje innan design og tekstil Vg2

Forslag til innstilling

Det vert ikkje arbeid vidare med ein søknad om landslinjetilbod Vg2 design og tekstil.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda :

Det vert ikkje arbeid vidare med ein søknad om landslinjetilbod Vg2 design og tekstil.

PS 17/18 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tom Knudsen:

Medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda som ikkje har Nettbrett bør få dette utdelt, ber adm. ta dette opp med Fylkessekreteriatet.

Ønskje om fellesmøte mellom Yrkesopplæringsnemnda i Sogn og fjordane og Hordaland, ber fagopplæringssjefen om å finne dato for dette.

Anne Sara Svendsen:

Orienterte om endelig svar Fagopplæringskontoret har gitt til Fylkesmannen etter tilsyn.

Gjennomgang av gjeldande retningslinje for tap av godkjenning, denne er frå 2011 og ein ser behov for ein gjennomgang. Nytt forslag vil bli utarbeid som vil bli drøfte i Yrkesopplæringsnemnda før den kjem opp som sak.

Gjennomgang av : Handlingsplan flere læreplasser 2018

Torbjørn Mjelstad:

Presenterte søkertall pr. 01.03.2018, oversikt vil også bli sendt ut på e-post.

PS 20/18 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 07.03.2018
Arkivsak: 2018/8242-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til:	Yrkesopplæringsnemnda Utval for opplæring og helse
Frå:	Fylkesrådmannen

Overgang frå Vg2 yrkesfag til Vg3 påbygg.

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå Utval for opplæring og helse 06.02.2018, sak PS 24/18 Ymse, der Emil Gadolin kjem med følgjande spørsmål:

«Flere VGS har høy overgang fra yrkesfag VG2 til VG3 påbygg. Noe av dette kan skyldes de utdanningstilbudene som den enkelte skole har, men det kan også tenkes at noen av skolene kan ønske å holde på elevene så lenge som mulig. Jeg ber om at fylkesrådmannen kommer tilbake til utvalget med oversikt som belyser om det er systematiske forskjeller mellom de videregående skolene i overgang mellom VG2 yrkesfag og påbygg. Eksempelvis kan administrasjonen sammenligne flere utdanningstilbud ved ulike skuler for å avdekke eventuelle forskjeller.»

Problemstillinga er ganske kompleks, og fagtradisjonar, utdanningstilbod og geografi er medverkande faktorar når ein skal forklara kvifor nokon tek påbygg, og kor dei tek det. Nokre utdanningsprogram har programområde med svake fagtradisjonar, noko som gjer at det er få læreplassar og liten tradisjon for å gå ut i lære. Dette gjer at ein stor prosentdel av elevane går over til påbygg. Vidare er det slik at skular kan ha utdanningstilbod på Vg1 og Vg2, men ikkje ha tilbod på Vg3 – til dømes har Stend vgs tilbod i naturbruk på Vg1 og Vg2, men berre Vg3 påbygg som tilbod tredje året. Dersom ein vil halde fram med Vg3 landbruk, må ein gå på Voss vgs. Geografi spelar også inn; sentrumsskular har elevar på påbygg som kjem frå mange ulike skular, medan mindre skular ute i distrikta som regel berre har elevar på påbygg som gjekk på same skule året før. Dette heng saman med at det er fleire elevar som reiser mot sentrum enn sentrumselevar som reiser vekk frå sentrum. Ein konsekvens av dette er blant anna at berre 30 % av dei som tar påbygg på Åsane vgs, gjekk på Åsane vgs året før, medan 93 % av dei som tar påbygg på Askøy vgs, gjekk på same skule året før.

Under vil vi først sjå på utdanningsprogram, og korleis dette påverkar *kven* som tek påbygg. Vidare vil vi sjå på sjølve skulane som har påbygg, og kvar desse elevane kjem frå.

For yrkesfagelevane er overgangen etter Vg2 ein kritisk overgang. Lokale tal syner at for dei som tok Vg2 i 2016/17, gjekk 26 % over til påbygg skuleåret 2017/18. Under kan ein sjå fordelinga for dei som gjekk på Vg2 yrkesfag 2016/17 og kor stor prosentdel som tar påbygg skuleåret 2017/18.

A. Utdanningsprogram

	Påbygg	Tal elevar
Bygg- og anleggsteknikk	11,60 %	34
Design og handtverk	17,80 %	19
Elektrofag	17,10 %	78
Helse- og oppvekstfag	47,80 %	333
Medier og kommunikasjon (gamal ordning)	57,90 %	88
Naturbruk	38,90 %	58
Restaurant - og matfag	7,70 %	9
Service og samferdsel	26,30 %	64
Teknikk og industriell produksjon	10,70 %	71
Total, 2016-17	26,20 %	754

Som tabellen syner, er det i all hovudsak fire utdanningsprogram som peikar seg ut: Helse- og oppvekstfag, medier og kommunikasjon (gamal ordning), naturbruk og service og samferdsel.

Dersom ein ser på dei fire utdanningsprogramma der flest går over til påbygg, finn ein følgjande:

NATURBRUK

Det gjekk totalt 149 elevar på Vg2 naturbruk 2016/17. Desse gjekk på Austevoll vgs, Fusa vgs, Stend vgs og Voss vgs. Av desse gjekk 38,9 % over til påbygg.

Merk at denne tabellen syner kvar elevane gjekk på skule 2016/17, ikkje kvar dei tar påbygg.

Vg2 naturbruk 2016/17	Påbygg 2017/18	Tal elevar
Austevoll vidaregåande skule	0,00 %	0
Fusa vidaregåande skule	30,40 %	7
Stend vidaregåande skule	73,00 %	46
Voss vidaregåande skule	17,20 %	5
Total, 2016-17	38,90 %	58

Heile 73 % av dei som gjekk på Vg2 naturbruk på Stend, gjekk over til påbygg. 29 av desse tar påbygg på Stend vgs i 2017/18 (63 %), medan dei resterande 17 går på høvesvis Fyllingsdalen vgs, Nordahl Grieg vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Stord vgs, Voss gymnas, Årstad vgs og Åsane vgs. Stend har utdanningstilbod i Vg2 naturbruk der dei fleste programområda ikkje har læretid. For å ta Vg3 landbruk må ein gå på Voss vgs.

MEDIER OG KOMMUNIKASJON

Frå og med hausten 2016 vart medier og kommunikasjon eit studieførebuande program. Elevar som begynte hausten 2015 eller tidlegare, følgjer gamal ordning. Utfordringa med at elevane går over til påbygg, fell dermed vekk.

SERVICE OG SAMFERDSEL

Det gjekk totalt 242 elevar på service og samferdsel Vg2 i 2016/17. Tabellen under syner kva skule dei gjekk på, samt prosentdel som gjekk over til påbygg.

Merk at denne tabellen syner kvar elevane gjekk på skule 2016/17, ikkje kvar dei tar påbygg.

Vg2 Service og samferdsel 2016/17	Påbygg 2017/18	Tal elevar
Amalie Skram videregående skole	36,40 %	28
Bømlo videregående skule	33,30 %	3
Knarvik videregående skule	13,00 %	3
Os videregående skule	15,90 %	7
Sotra videregående skule	21,40 %	3
Stend videregående skule	30,80 %	4
Stord videregående skule	53,30 %	8
Tertnes videregående skule	16,10 %	5
Voss videregående skule	18,80 %	3
Total, 2016-17	26,30 %	63

Det er relativt stor variasjon i prosentdel elevar som går over til påbygg når det gjeld elevar som tar service og samferdsel. Noko av årsaka til dette er at dei ulike programområda i service og samferdsel (SS) har ulike fagtradisjonar og tilknytning til arbeidslivet.

Os vgs og Knarvik vgs der berre høvesvis 3 % og 7 % går over til påbygg, har transport og logistikk; eit fag med sterke fagtradisjonar og god tilknytning til arbeidslivet. Amalie Skram vgs med 36 % som går over til påbygg, har reiseliv – eit fag med lite tilgang til læreplassar.

Mange av dei yrka som SS fører til, har manglande tradisjon for å ta inn lærlingar. Varehandelen og reiseliv har til dømes vore prega av lågare krav til kompetanse, høg turnover og låg løn, noko som heng saman med at feltet også er ein arbeidsmarknad for ungdom. Samtidig har mange bedrifter eigne opplæringsprogram, slik at ein kan gjere karriere på andre måtar enn å bli lærling.

«Service og samferdsel strever med å få fotfeste i arbeidslivet. Kun 13 prosent av de faglærte i servicefagene som svarer at de ikke kunne ha gjort den jobben de har i dag uten fagbrevet. I store deler av servicesektoren utgjør fagopplæringen kun én av mange mulige inngangsporter. Nyere forskning viser at færre får jobb videre i den virksomheten der de var lærling i servicefagene (48 prosent), sammenlignet med fag i øvrige utdanningsprogram. (...) Utdanningsprogrammets svake forankring i arbeidslivet gir seg uttrykk i den skolebaserte opplæringen gjennom klasseromsdominert undervisning og mangel på faglige rollemodeller som bærere av en yrkestradisjon.» (NIFU-rapporten: «Yrkesutdanninger med svak forankring i arbeidslivet» (2015))

Av dei 28 elevane som gjekk på Amalie Skram vgs i 2016/17 og som gjekk over til påbygg i 2017/18, går 45 % på påbygg på Amalie Skram. Dei restarande 15 går på høvesvis Austrheim vgs, Fyllingsdalen vgs, Laksevåg vgs, Nordahl Grieg vgs, Olsvikåsen vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Årstad vgs og Åsane vgs.

HELSE- OG OPPVEKSTFAG

Helse- og oppvekstfag (HO) er det nest største yrkesfaget på Vg2 og har lang tradisjon for overgang til påbygg. Heile 47,8 % av dei som gjekk på HO Vg2 i 2016/17, gjekk over til påbygg.

Merk at denne tabellen syner kvar elevane gjekk på skule 2016/17, ikkje kvar dei tar påbygg.

Vg2 helse- og oppvekstfag 2016/17	Påbygg 2017/18	Tal elevar
Arna vidaregåande skule	37,00 %	10
Askøy videregående skole	50,00 %	15
Austrheim vidaregåande skule	28,60 %	4
Bømlo vidaregåande skule	40,70 %	11
Fitjar vidaregåande skule	65,60 %	40
Fusa vidaregåande skule	46,70 %	7
Fyllingsdalen videregående skole	45,20 %	14
Knarvik vidaregåande skule	61,90 %	26
Kvinnherad vidaregåande skule	67,90 %	19
Nordahl Grieg videregående skole	55,20 %	16
Odda vidaregåande skule	16,70 %	2
Olsvikåsen videregående skole	37,60 %	32
Os vidaregåande skule	47,80 %	22
Osterøy vidaregåande skule	42,90 %	6
Rogne vidaregåande skule	75,00 %	24
Slåtthaug videregående skole	50,00 %	15
Sotra vidaregåande skule	71,40 %	25
Årstad videregående skole	28,60 %	22
Åsane vidaregåande skule	36,80 %	21
Total, 2016-17	47,80 %	333

Her ser ein at Odda vgs skil seg ut med berre 16,7 % av elevane som går over til påbygg. Her kan ein sjå på geografi – Odda vgs har ikkje påbygg, og det er langt å dra til neste skule med påbygg.

NIFU-rapporten: «Yrkesutdanningar med svak forankring i arbeidslivet» (2015) omtalar at ein stor del av elevane i helse- og omsorgsfaga planlegg å ta påbygg for å koma seg til universitet og høgskule (i særskilt grad for å bli sjukepleiar):

«Mange av elevene og lærlingene på helse og sosial som deltok i NIFUs survey, ser høyere utdanning som nødvendig og ønskelig, og dette er et trekk som forsterkes klart gjennom utdanningsløpet. De fleste elever i helsefagarbeiderutdanningen velger etter det andre året påbygging til generell studiekompetanse.»

Vidare skriv dei at det har vore ei førestilling om at mange av elevane på helse- og oppvekstfag som startar på påbygg, ikkje har dei rette føresetnadene, og at dei ikkje klarar seg vidare til høgare utdanning. Tal frå SSB syner likevel at 47 % av dei som fullførte påbygg etter å ha gått to år på helse og oppvekstfag, går rett til høgare utdanning. Dette er ein klart høgare del av elevane enn blant elevane frå studiespesialiserande,

der berre 37 % same år gjekk direkte til høgare utdanning. Dette er med og forsterkar at elevane på HO ofte har Vg3 påbygg som eit planlagt løp.

Når det gjeld dei skulane som har størst prosentdel elevar som går over til påbygg, er det stor variasjon når det gjeld kva skule elevane tek påbygg på, noko ein kjem tilbake til i neste kapittel.

B. SKULAR

Over er det vist at kva utdanningsprogram eleven går på, gjev føringar på i kva grad eleven går over til påbygg. Under vil ein sjå på dei skulane som har påbygg, og kvar desse elevane kjem frå.

Som tidlegare vist var det 754 elevar som gjekk frå Vg2 yrkesfag i 2016/17 og over til påbygg 2017/18. Totalt går det 865 elevar på påbygg pr.14.02.2018 skuleåret 2017/18. Dei restarande 111 elevane gjekk enten ikkje på skule året før, var privatistar eller kjem frå eit anna fylke.

Tabellen under syner talet elevar på påbygg pr. skule, samt kor stor prosentdel som gjekk på same skule året før.

Skular med påbygg 2017/18	Totalt	% som gjekk på same skule året før.
Amalie Skram videregående skole	29	45 %
Askøy videregående skole	28	93 %
Austrheim vidaregåande skule	17	50 %
Bømlo vidaregåande skule	29	60 %
Fitjar vidaregåande skule	62	90 %
Fyllingsdalen vidaregåande skole	76	25 %
Knarvik vidaregåande skule	26	58 %
Kvinnherad vidaregåande skule	48	73 %
Laksevåg vidaregåande skole	46	50 %
Nordahl Grieg vidaregåande skole	48	64 %
Olsvikåsen vidaregåande skole	28	56 %
Os vidaregåande skule	52	57 %
Slåtthaug vidaregåande skole	56	40 %
Sotra vidaregåande skule	56	71%
Stend vidaregåande skule	32	94 %
Stord vidaregåande skule	53	66 %
Voss gymnas	49	61 %
Årstad vidaregåande skole	58	50 %
Åsane vidaregåande skole	72	30 %

Prosentdelen varierer frå 25 % til 94 %. Utdanningsprogram og geografi kan her vere viktige forklaringskomponentar. Skular med utdanningsprogram og programfag som har tradisjon for å gå over til påbygg, enten fordi faga ikkje har fagtradisjon for å gå ut i lære, eller fordi elevane har planlagt å gå over til høgare utdanning, vil også ha stor prosentdel elevar som tar påbygg på same skule. Vidare er det slik at skular - der geografien gjer at elevane har få val når det gjeld kva skule dei skal ta påbygg på – vil få ein

høg prosentdel som tar påbygg på same skule (til dømes Stend vgs, Askøy vgs. og Fitjar vgs). Sentrumsskular har elevar på påbygg som kjem frå mange ulike skular, medan mindre skular ute i distrikta som regel berre har elevar på påbygg som gjekk på same skule året før – dette fordi det er fleire elevar som reiser mot sentrum, enn sentrumselevar som reiser frå sentrum.

Døme på ein sentrumsskule med påbygg 2017/18, og kva skule eleven gjekk på 2016/17:

Påbygg Årstad vidaregåande skule 2017/18	Elevar
Amalie Skram vidaregåande skule	2
Arna vidaregåande skule	2
Askøy vidaregåande skule	5
Bergen maritime vidaregåande skule	1
Eksamenskontoret, Hordaland fylkeskommune	4
Fitjar vidaregåande skule	1
Fyllingsdalen vidaregåande skule	1
Knarvik vidaregåande skule	1
Laksevåg vidaregåande skule	3
Nye Voss vidaregåande skule	1
Olsvikåsen vidaregåande skule	2
Os vidaregåande skule	1
Slåtthaug vidaregåande skule	1
Stend vidaregåande skule	3
Tertnes vidaregåande skule	1
Årstad vidaregåande skule	28
Åsane vidaregåande skule	4
Total	56

Døme på ein distriktsskule med påbygg, og kva skule eleven gjekk på året før:

Påbygg Fitjar vidaregåande skule 2017/18	Elevar
Eksamenskontoret, Hordaland fylkeskommune	1
Fitjar vidaregåande skule	36
Stord vidaregåande skule	3
Total	40

OPPSUMMERING

Vi ser at det er skilnader mellom skulane når det gjeld kor mange som tar påbygg, og kvar dei vel å ta påbygg. Utdanningsprogram (fagtradisjon og lærlingplassar), utdanningstilbod og geografi (val av skule for å gå på påbygg) kan forklara dei forskjellane ein finn mellom dei vidaregåande skulane i overgang mellom Vg2 yrkesfag og påbygg. Ut frå talmaterialet er det vanskeleg å konkludere med at nokre av skulane kan ønskje å halde på elevane så lenge som mogleg gjennom påbygg.



Arkivnr: 2017/16980-7
Saksbehandlar: Nils Skavhellen, Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		17.04.2018
Yrkesopplæringsnemnda	21/18	17.04.2018
Utval for opplæring og helse		17.04.2018
Fylkesutvalet		03.05.2018

Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2018/2019 - prognoseinntaket

Samandrag

Framtidig tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane er vedteke i skulebruksplanen. Den årlege vurderinga av tilbudsstrukturen skjer i «klassesaka» kvart år i desember. Det er i klassesaka ein må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbudsstrukturen lokalt og sentralt. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot venta tilgang på læreplassar.

I denne saka blir det gjort framlegg om å leggje ned utdanningsprogram/programområde som har svakt søkjargrunnlag. Når det blir gjort framlegg om nedlegging, tek ein utgangspunkt i kor mange som har tilbodet som primærønskje (førsteønskje). Men det blir også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få på tilbodet totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ønskje 1-3.

Skular utanfor Bergensregionen har ofte eit lågare søkjargrunnlag. Dette er naturleg, og fylkesrådmannen stiller difor litt lågare krav til m.a. primærøskjartal ved distriktsskulane enn i Bergensområdet. På den måten kan regionane oppretthalde eit rimeleg godt tilbod sjølv med litt lågare søkjargrunnlag. Dette kan føre til at det i distrikta er høgare del klassar med mindre enn 85% oppfylling enn i Bergensregionen.

Det er økonomisk krevjande å oppretthalde tilbod med lågt søkjargrunnlag sjølv om skulane gjer sitt beste for å organisere undervisninga kostnadseffektivt t.d. i halve klassar. Når søkjartalet er lågt over fleire år, må ein på eitt eller anna tidspunkt varsle om at dette ikkje kan halde fram over tid. På den andre sida må ein også sjå på tala på avgangselevar frå ungdomsskulane. Det kan vere ein kortvarig nedgang på eitt til to år før årgangstalet aukar att. Fylkesrådmannen kan i slike høve vere positiv til å oppretthalde tilbodet for ein kort periode sjølv med lågt elevtal.

Dei aller fleste av framlegga om nedlegging er i samsvar med skulane sine tilbakemeldingar etter søkjartala pr. 1. mars 2018. Dersom dei ikkje er det, vil det vere opplyst under omtalen av den einskilde skule.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 290/13 fullmakt til å justere klasse-/elevtal ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala etter prognoseinntaket dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Dette har ikkje noko med tilbudsstrukturen ved skulane å gjere, men er ei tilpassing av klassetalet i høve til søkjartala til dei ulike utdanningsprogramma. Også desse justeringane vil bli gjort etter samråd med skulane, og vil bli lagt fram som melding til politiske utval.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 293/17 fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar før/etter skulestart. Grunnen til dette er at det kan vere til dels store endringar i

søkjargrunnlaget til desse klassane fram mot skulestart av grunnar som ein ikkje kjenner til på førehand. Fylkesrådmannen tek likevel med i framlegget til vedtak nedanfor dei skulane som ein alt no ser ikkje har søkjargrunnlag for tilbodet komande skuleår, eller der ein kan opprette tilbodet fordi talet på busette minoritetsspråklege elevar har tatt seg opp.

I denne saka er det tilrådd nedlegging av totalt 18 klassar, og oppretting av ein klasse. I tillegg kjem omlegging til halve klassar som utgjer ein auke på 2,5 klassar. Netto nedlegging vil etter dette vere 14,5 klassar.

I tillegg til det vil det truleg vere grunnlag for å leggje ned 11 klassar og opprette 12 klassar administrativt.

Fylkesrådmannen gjer elles merksam på at det kan kome fleire justeringar etter prøveinntaket i månadsskiftet juni/juli.

I 2018 er det totalt 17 310 søkjarar med ungdomsrett til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland. Talet på søkjarar med formell rett til vidaregåande opplæring (Ungdomsrett) har auka med 235 søkjarar samanlikna med 2017. Talet på avgangselevar frå ungdomsskulen har gått ned med 103 elevar i høve til 2017.

Økonomi: I denne saka vert det gjort framlegg om å leggje ned 17 klassar. I klassesaka i desember 2017 vart det fatta vedtak om å leggje ned 6 klassar. Totalt vert årleg innsparing av desse nedleggingane estimert til om lag 20 mill. kroner. I 2018 vil innsparinga vere om lag 9 mill. kroner. Vi vil kome attende med korrekte tal når ny budsjettmodell er ferdig evaluert.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt. Det er i klassesaka i desember at tilbodsstrukturen vert vurdert. I denne saka tilpassar ein strukturen i høve til søkjartala.

Forslag til innstilling

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2018/19

Skule	Utdanningsprogram/programområde
Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign
Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Stord vidaregåande skule	Vg2 Medium og kommunikasjon
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Odda vidaregåande skule	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Kvam vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
Voss gymnas	Vg2 Kunst, Design og Arkitektur
Fusa vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Askøy videregående skole	Vg2 Data og elektronikk
Austevoll vidaregåande skule	Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram
Laksevåg videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Åsane videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Årstad videregående skole	Vg2 Laboratoriefag
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag
Austrheim vidaregåande skule	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg3 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Restaurant og matfag

2. Kvam vidaregåande skule får oppretta ein klasse innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.04.2018

Framtidig tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane er vedteke i skulebruksplanen. Den årlege vurderinga av tilbudsstrukturen skjer i «klassesaka» kvart år i desember. Det er i klassesaka ein må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbudsstrukturen lokalt og sentralt. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot venta tilgang på læreplassar.

I denne saka blir det gjort framlegg om å leggje ned utdanningsprogram/programområde som har svakt søkjargrunnlag. Når det blir gjort framlegg om nedlegging, tek ein utgangspunkt i kor mange som har tilbodet som primærønskje (førsteønskje). Men det blir også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få på tilbodet totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ønskje 1-3.

Utvikling i søkjartala

Totalt er det 17310 søkjarar med formell rett til vidaregåande opplæring (Ungdomsrett). Talet på søkjarar med ungdomsrett har auka med 235 søkjarar samanlikna med 2017. Hovudårsaka til at det er fleire søkjarar med Ungdomsrett, er at den tidlegare femårsfristen for å ta ut retten til vidaregåande opplæring er oppheva. Reglane for utvida Ungdomsrett ved omval av utdanningsprogram er også utvida. I tillegg til dette får elevar som avbryt Vg3 i skule, automatisk utvida Ungdomsretten med eitt år for å kunne prøve å oppnå studie-/fagkompetanse året etter.

Talet på avgangselevar frå ungdomsskulen har gått ned med 103 elevar i høve til 2017

Tal søkjarar	2017	2018	Endring
Ungdomsrett	17 075	17 310	+235
Avgangselevar frå ungdomsskulen	6 250	6147	-103

Søkjartal til Vg1

Søkjartala til dei ulike Vg1 programma viser relativt små endringar i tal samanlikna med 2017. Men som det går fram av tabellen under, gjer sjølv små endringar til dels store prosentmessige utslag på enkelte utdanningsprogram. Tabellen under syner søkjartal i 2017 og 2018 og dessutan endring i tal og prosent. Det er berre søkjarar med ungdomsrett som er tatt med i tabellen.

Utdanningsprogram	2017	2018	Endring	Endring %
Bygg og anleggsgfag (BA)	502	514	12	2,4 %
Design og handverksfag (DH)	149	153	4	2,7 %
Elektrofag (EL)	672	611	-61	-9,1 %
Helse og oppvekstfag (HO)	1 091	1 107	16	1,5 %
Naturbruk (NA)	345	326	-19	-5,5 %
Restaurant og matfag (RM)	152	136	-16	-10,5 %
Service og samferdsel (SA)	251	294	43	17,1 %
Teknikk og industriell produksjon (TP)	588	658	70	11,9 %
Idrettsfag (ID)	359	359	0	0,0 %
Kunst design og arkitektur (KDA)	100	116	16	16,0 %
Musikk dans og drama (MD)	201	224	23	11,4 %
Media og kommunikasjon (ME)	236	182	-54	-22,9 %
Studiespesialiserande (ST)	2440	2554	114	4,7 %
Innføringskurs minoritetsspråklege	217	166	-51	-23,5 %
Totalt	7303	7400	97	1,3 %

Av tala kan ein sjå at søkjargrunnlaget til Vg1 Teknikk og industriell produksjon er i ferd med å ta seg litt opp att etter to-tre år med relativt stor nedgang. Dette fører til at det heller ikkje i år er grunnlag for fleire av Vg2 tilboda innafor dette utdanningsprogrammet. Det er særleg talet på søkjarar til Vg2 Industriteknologi som er lågt. Dette programområdet rekrutterer vidare til mange fag innafor oljebasert industri både på land og offshore. I Sunnhordland har ein vore særleg opptatt av dette, og difor er det positivt at søkjargrunnlaget til Vg2 Industriteknologi har auka i regionen, sjølv om ein kunne ønskje at søkjartalet vart enda høgare.

Søkjartalet til Vg1 Elektrofag går også ned, og det er ei ønskjeleg utvikling. Talet på elevplassar i høve til læreplassar har vore for høgt innafor dette utdanningsprogrammet. Dette vart informert om i «klassesaka» i desember 2017, og det vart då lagt ned fire ordinære vg1 klassar i fylket. Med nedgangen i søkjartalet i år er det håp om at ein på sikt får betre balanse mellom tal på søkjarar og tilgang på læreplassar.

Søkjartalet til Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram har auka i høve til 2017. Som vanleg vil det vere ein god del av desse søkjarane som også har søkt private vidaregåande skular, særleg i Bergen. Dette vil føre til at søkjartala vil gå ned etter kvart, men det vil likevel vere behov for å opprette nokre klassar i tillegg, ikkje minst fordi Laksevåg vidaregåande skole ikkje tilbyr dei studieførebuande programma frå komande skuleår.

Restaurant og matfag har også nedgang i søkjartala. Under handsaminga av årsbudsjettet i fylkestinget sak PS 105/17 vart det vedteke følgjande verbalforslag: *«Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.*

Arbeidet er i gang, og fylkeskommunen har samla eitt breitt utval interessentar til dialog. I dette nettverket blir det peika på at dette arbeidet vil ta tid, og målretta samarbeid med mange aktørar må til for å få resultat. Auka status for faga, arbeid med omdømebygging og kvalitet hos individ og bedrifter, tidlegare rådgjeving og utprøving og sterkare og meir forpliktande samarbeid med næringslivet vert trekt fram. Den nye strukturen innan yrkesfag vil også måtte takast omsyn til og må få tid til å bli etablert før ein konkluderer.

Service og samferdsel har positiv utvikling i søkjartala. Innafor dette utdanningsprogrammet er det behov for lærlingar i fleire av programområda.

Til musikk, dans og drama er det ein auke i søkjartala på 23. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei sak om effekt av endringane i tilleggspoeng for musikalsk dugleik hausten 2018.

Tilbudsstruktur og oppfylingsgrad

Med nærare 800 klassar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland er tilbudsstrukturen godt tilpassa søkjargrunnlaget. Når det blir gjort framlegg om nedlegging av 18 klassar, utgjer dette ca. 2.25% av tidlegare vedteken tilbudsstruktur. Slike endringar må ein rekne med ut frå den breie tilbudsstrukturen ein har ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Fylkesrådmannen er opptatt av at skulane utanfor Bergensområdet også skal ha eit breitt og fagleg godt utdanningstilbod. Det er likevel ei utfordring i området som har eit relativt lågt elevgrunnlag frå ungdomsskulen, å kunne oppretthalde alle dei utdanningstilboda som ein ønskjer. I t.d. Kvam/Odda og Kvinnherad er det berre lokale søkjarar til skulane sine utdanningstilbod, og når årskulla minkar, blir det også vanskelegare å oppretthalde vedtekte tilbod. Fylkesrådmannen har vore særleg merksam på desse utfordringane ved utarbeiding av denne saka. Dersom distriktsskulane skal kunne oppretthalde eit godt utdanningstilbod, må ein godta at kostnadene blir noko høgare her enn t.d. i Bergen, der dei aller fleste tilboda er fylt opp sjølv om ein sjølvstøtt merkar konkurransen frå dei private skulane.

Saka om framlegg til nedlegging av utdanningsprogram/programområde tek utgangspunkt i primærskjartalet (førsteønske) til søkerane. Det er også viktig å gjere ein analyse av dei som har tilbodet som eit lågare prioritert ønske, særleg dei som har tilbodet som ønske 2 og 3. Det er fleire døme på at eit lågt primærskjartal ikkje betyr det same som at det ikkje er elevgrunnlag til det aktuelle tilbodet.

Fylkesrådmannen vil elles gjere merksam på at i framlegget til nedlegging av tilbod er det 11 Vg2-klassar, m.a. fire klassar frå utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon (TIP). For sistnemnde gruppe skuldast dette mindre elevgrunnlag frå Vg1TIP.

Grunngjeving for framlegg til endring ved den einskilde skule, skuleåret 2018/19

Fitjar vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Interiør og utstillingsdesign

Tilbodet ovanfor har berre fått tre primærskjarar, to av desse med Ungdomsrett. Tilbodet vart også lagt ned våren 2017, men vart oppretta att av fylkesutvalet i desember 2017.

Søkjargrunnlaget til dette tilbodet over tid viser at det diverre ikkje er interesse for det hjå ungdomen. Vg2 Interiør og utstillingsdesign ligg under utdanningsprogrammet Design og handverk. Sistnemnde program gir også kompetanse til Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget, og bakgrunnstala viser at ein del av elevane ved Fitjar vgs. søker seg til dette programområdet etter Vg1 Design og handverk.

Stord vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Vg2 Medium og kommunikasjon

Vg1 Elektrofag med studiekompetanse har berre fått fem primærskjarar med Ungdomsrett. Dette tilbodet vart oppretta av fylkesutvalet i desember 2017 fordi erfaringane med eit slikt tilbod frå Laksevåg vidaregåande skule hadde vore positivt. I tillegg til dette vart tilbodet oppretta fordi det vart lagt ned ein ordinær Vg1 Elektrofagklasse ved skulen. Det kan alltid vere utfordrande å marknadsføre nye tilbod, og særleg når marknadsføringsperioden berre blir eit par månader. I tillegg har skulen mange studieførebuande program å velje mellom.

Vg2 Medium og kommunikasjon har også berre fem primærskjarar med Ungdomsrett. Dette var meir overraskande fordi det ved skulestart var tatt inn 26 elevar. Ved oppdatering av elevdata den 22. mars var det 16 elevar som gjekk på dette utdanningsprogrammet, medan berre fem har søkt seg vidare til Vg2. Alternativet kan vere å søkje seg over til Vg2 Studiespesialiserande utdanningsprogram eller gjere omval til andre program. Dei fem primærskjarane vil ved nedlegging gå over til andre kvalifiserande Vg2-program ved skulen.

Kvinnherad vidaregåande skule

Nedlegging: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Dette tilbodet har ikkje fått søkerar i år. Talet på minoritetsspråklege elevar i dei einskilde regionane varierer frå år til år. Generelt er det likevel slik at det no er betydeleg mindre behov for denne typen klassar enn dei siste to åra. Talet på asylsøkkjarar/flyktningar har blitt vesentleg lågare, og det same har omfanget av arbeidsinnvandring frå Aust-Europa.

Odda vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Bygg og anleggsteknikk

Dette tilbudet har fått fem primærskolar med Ungdomsrett. Søkjargrunnlaget til dette utdanningsprogrammet har vore litt «av og på» dei siste par åra. Ut frå søkjartalet, og rimeleg god kapasitet på dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma ved skulen, blir tilbudet tilrådd nedlagt frå hausten 2018.

Kvam vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi

Oppretting: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Vg2 Industriteknologi har berre fått fire primærskolar med Ungdomsrett, av desse er det to elevar frå Vg1 Teknikk og industriell produksjon (TIP) ved skulen i år. Det blir sagt at mange av elevane frå Vg1 TIP søker seg til Vg2 Anleggsteknikk ved Os vidaregåande skule fordi dei meiner det er betre sjansar for læreplass innafor dette programområdet enn frå Industriteknologi.

Etter at fylkesutvalet hadde vedtatt tilbudsstrukturen for skuleåret 2018/19 i desember 2017, fekk ein informasjon om at det var mange aktuelle minoritetsspråklege elevar i Kvam-regionen. I Vigo-systemet vart det difor aktivisert ein innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar for å sjå om det var grunnlag for å opprette ein slik klasse. Det melde seg 13 primærskolar, av desse 12 med Ungdomsrett. Innføringsklasse er eit godt tilbud for elevar med svake norsk-kunnskapar, og gjev dei eit betre fagleg grunnlag til å kunne klare ordinært Vg1-program året etter. Fylkesrådmannen tilrår difor at skulen får oppretta dette tilbudet.

Voss gymnas

Nedlegging: Vg2 Blomsterdekoratør

Vg2 Kunst, Design og Arkitektur (KDA)

Vg2 Blomsterdekoratør har fått tre primærskolar, alle med Ungdomsrett. Dette tilbudet vart flytta frå Hjeltnes hausten 2017, men hadde også i fjor eit lågt søkjartal. Med tre primærskolar er det diverre ikkje grunnlag for å oppretthalde tilbudet, som er det einaste i Hordaland

Vg2 Kunst, Design og Arkitektur har fått fire primærskolar, alle med Ungdomsrett. Dette er eit studieførebuande program, og søkjarane er kvalifiserte til å gå andre Vg2 Studieførebuande utdanningsprogram. Skulen vil leggje til rette for dette for dei søkjarane som ynskjer det.

Fusa vidaregåande skule

Nedlegging: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Dette tilbudet har ikkje fått søkjarar i år. Talet på minoritetsspråklege elevar i dei einsskilte regionane varierer frå år til år. Generelt er det likevel slik at det no er betydeleg mindre behov for denne typen klassar enn dei to siste åra. Talet på asylsøklarar/flyktingar har blitt vesentleg lågare, og det same har omfanget av arbeidsinnvandring frå Aust-Europa.

Askøy videregående skole

Nedlegging: Vg2 Data og elektronikk

Vg2 Data og elektronikk har fått to primærskolar med Ungdomsrett. Tilbudet vart også lagt ned på grunn av lite søkjargrunnlag våren 2017 (fem primærskolar), men vart oppretta att i fylkesutvalet i desember 2017. Søkjargrunnlaget til dette programområdet har gått ned dei siste åra. Elevane i Vg2 går som hovudregel ikkje ut i lære, men held fram på Vg3 Data-elektronikarfaget. Årstad videregående skole har i

hovudsak plass til alle søkjarane frå Hordaland både ved Vg2 og Vg3. Interesserte søkjarar kan difor framleis få denne utdanninga i Hordaland.

Austevoll vidaregåande skole

Nedlegging: Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram

Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram har fått ni primærsøkjarar med Ungdomsrett. I 2017 var det 10 primærsøkjarar, men tilbodet vart oppretthalde fordi det var ein del uro blant ungdommane i Austevoll over vedtaket om at elevar i Vg1 studieførebuande utdanningsprogram fekk prioritet for inntak ved same skule i Vg2. Elevane frå Austevoll var difor redde for at dei berre fekk tildelt «restplassar» ved andre skular, særleg i Bergen, fordi dei ikkje hadde prioritet for inntak ved nokon skule etter Vg1 (Austevoll vidaregåande skule har som kjent berre Vg1 i Studiespesialiserande utdanningsprogram).

Sjølv om det vart sagt frå Inntakskontoret at det ikkje var grunn til uro over dette, meinte både ungdomsskulen i Austevoll og Austevoll vidaregåande skule at dette var årsaka til det låge søkjartalet. No skal det også seiast at søkjartalet heller ikkje tidlegare år har vore i nærleiken av å fylle opp ein klasse med 27-30 elevar. Tilbodet i Austevoll vart i si tid oppretta for at ungdommen skulle få eit ekstra år heime før dei måtte reise ut for å fullføre utdanninga si på ein skule med fullt studiespesialiserande utdanningsprogram.

I 2017 meinte skulane i Austevoll at søkjargrunnlaget til Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram ville vere tilbake til det «normale». No er heller ikkje «normaltala» før 2017 særleg høge. I 2016 var det såleis 12 primærsøkjarar, i 2015 var det 14 søkjarar, mens det i 2014 var 19 søkjarar. Søkjartalet er difor langt lågare enn det som er hovudregelen for å oppretthalde eit tilbod som i utgangspunktet skal ha 27 elevar ved full klasse, og byggjer opp under at grunnlaget for klassen er at ungdommen i Austevoll skal kunne få eitt ekstra år heime før dei må reise ut for å fullføre utdanninga.

Austevoll vidaregåande skule skriv at dei meiner at det låge søkjartalet i år er på grunn av svært lågt elevtal i 10. klasse dette året. Kullet er i år på 55 elevar, aukar til vel 80 elevar i 2019 (som er eit normalkull) og til vel 100 i 2020. Skulen meiner difor at søkjartalet til Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram vil ta seg opp att alt neste år. Skulen viser også til at det kan bli vanskeleg å halde på kvalifisert personale dersom tilbodet blir lagt ned i år.

Fylkesrådmannen ser desse argumenta, men viser også til at elevgrunnlaget til Vg1 Studiespesialiserande aldri vil nå opp mot ein full klasse, og truleg også godt under norma for 85% oppfyllingsgrad. Argumentet som då står att for å oppretthalde tilbodet, er at ungdommen som ynskjer denne utdanninga, får bu eitt år ekstra heime.

Fylkesrådmannen legg saka fram med tilråding om at Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram blir lagt ned frå hausten 2018. Dersom tilbodet skal opprettast att frå 2019 må dette kome med i den ordinære klassesaka til hausten.

Laksevåg vidaregåande skole

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi

Vg2 Industriteknologi har fått fire primærsøkjarar med Ungdomsrett. Dette programområdet har dei to siste åra fått vesentleg lågare søkjargrunnlag enn tidlegare. Det vart også i 2017 lagt ned tilbod ved dette programområdet ved andre skular i området. I 2017 klarte skulen å unngå nedlegging. I år er det diverre ikkje søkjargrunnlag til å oppretthalde dette tilbodet ved skulen.

Åsane vidaregåande skole

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi.

Vg2 Industriteknologi har berre fått tre primærsøkjjarar med Ungdomsrett. I 2017 klarte skulen å unngå nedlegging, mens tilbodet vart lagt ned ved andre skular i området. I år er det diverre ikkje søkjargrunnlag for å kunne oppretthalde tilbodet.

Årstad vidaregåande skole

Nedlegging: Vg2 Laboratoriefag

Vg2 Laboratoriefag har sju primærsøkjjarar, av desse seks med Ungdomsrett. Bakgrunnstala, dvs. søkjjarar som har dette tilbodet som lågare ynskje, viser at det ikkje vil bli fleire enn desse søkjarane ved skulestart. Oppfyltinga er såleis under reglen som krev 85% oppfylting for at tilbod skal vurderast oppretthaldne.

I si tilbakemelding om prognoseinntaket skriv skulen: «Skolen ser at dette er et kostbart fag slik det fremstår i dag og gjerne er mer knyttet mot prosessfagene og slik sett er noe løsrevet i forhold til de øvrige programområder ved skolen».

Sjølv om Årstad vidaregåande skole er den einaste skulen som tilbyr dette faget i Hordaland, rår fylkesrådmannen til at tilbodet blir lagt ned. Tilbodet har dei siste åra fått lågare søkjartal, og faget er så pass «smalt» og kostbart i høve til læreplassar, at ein ikkje finn å kunne vidareføre tilbodet.

Austrheim vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Elektrofag

Vg2 Automatisering

Vg3 Automatisering

Vg1 Restaurant og matfag

Fylkesrådmannen ser at det kan sjå noko dramatisk ut å gjere framlegg om å leggje ned heile utdanningsprogrammet Elektrofag ved skulen, men dette er også i samsvar med innstillinga frå skulen.

Grunngjevinga for framlegget er, som vanleg i denne saka, det låge søkjartalet frå Hordaland og at Sogn og Fjordane ikkje kjøper tilstrekkeleg tal plassar til at utdanningsprogrammet kan førast vidare.

Vg1 Elektrofag har fått fire primærsøkjjarar med Ungdomsrett frå Hordaland og ein frå Sogn og Fjordane. Skulen skriv at dei ikkje kan sjå at det er grunnlag for å halde fram med klassen.

Vg2 Automatisering har fått seks primærsøkjjarar med Ungdomsrett frå Hordaland og ingen søkjarar frå Sogn og Fjordane. Bakgrunnstala, dvs. dei som har tilbodet som eit lågare ynskje på søknaden sin, viser at det ikkje vil vere fleire elevar enn primærsøkjarane som er aktuelle for denne klassen. Skulen er usikker på om det er realistisk å klare å gjennomføre tilbodet innanfor økonomiske rammer. Til Vg2-tilboda ser ein også på halvårskaraktene til søkjarane, i tillegg til at ein må ta høgde for at elevar sluttar det siste halvåret før skuleåret er ferdig. Som ein ser nedanfor under omtalen av Vg3 Automatisering, er det ikkje søkjargrunnlag til å oppretthalde dette tilbodet. Det vil difor vere svært spesielt, både økonomisk og i høve til fagmiljøet, at skulen skal stå tilbake med knapt ein halv klasse ved Vg2 Automatisering når heile utdanningsprogrammet elles er tilrådd nedlagt.

Vg3 Automatisering har berre fått ein primærsøkjjarar med Ungdomsrett. Det er ikkje grunnlag for å oppretthalde dette tilbodet.

Til Vg1 Restaurant og matfag har det meldt seg fem primærsøkjjarar, fire med Ungdomsrett. Skulen hadde dette tilbodet seinast skuleåret 2016/17, men det vart deretter lagt ned. Fylkesutvalet oppretta tilbodet att i

desember 2017 i samband med sak om sentralisering av dette utdanningsprogrammet til Sandsli videregående skole. Tilbødet ligg ikkje inne i den vedtekne skulebruksplanen.

Skulen skriv i si tilbakemelding at dei ynskjer å oppretthalde tilbødet sjølv med så lågt elevtal. Hovudgrunnen til dette er at skulen arbeider med ein ny modell, med bakgrunn i fylkestingsvedtaket i oktober 2016, der Fylkesmannen har starta opp eit samarbeidsprosjekt i Nordhordland for å utvikle nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga blir gjort ute i bedriftene. I utgangspunktet skal denne modellen, som ikkje er endeleg klar, prøvast ut innanfor Bygg- og anleggsteknikk, men skulen meiner at denne modellen kan utvidast til også å gjelde Restaurant- og matfag. Skulen innser likevel at det er ein del arbeid som må gjerast ut mot bedriftene før ein slik samarbeidsmodell mellom skule og bedrift kan setjast i gong.

Skulen skriv også at skulen har tre elevar med tilrettelagt undervisning som i dette skuleåret er elevar på andre utdanningsprogram ved skulen, men som dei meiner bør gjere omval til Restaurant- og matfag. Skulen vil sende inn nærare vurderingar om dette snarast mogleg.

Fylkesrådmannen tek utgangspunkt i det låge primærsøkjartalet, som ligg godt under grensa på 85% for at ein skal vurdere å oppretthalde tilbødet. Søkjartalet til Vg1 Restaurant og matfag har variert opp gjennom åra, og har vel aldri festa seg på same måten som andre utdanningsprogram ved skulen. Bakgrunnstala, dvs. søkjarar som har tilbødet som lågare prioritert ynskje, viser at det er lite truleg at skulen får særleg høgare elevtal enn talet på primærsøkjarar. På grunnlag av dette rår fylkesrådmannen til at tilbødet blir lagt ned.



Arkivnr: 2018/8502-1

Saksbehandlar: Annbjørg Laupsa

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	22/18	17.04.2018
Utval for opplæring og helse		17.04.2018
Fylkesutvalet		03.05.2018

Fråfall og oppfølging - tiltak

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til følgjande verbalpunkt frå budsjettvedtak 2018 - oppfølging opplæringsavdelinga, jfr. møteprotokoll frå fylkestinget 12.12.17:

«I kvalitetsmeldinga for 2016 går det fram at oppfølgingstenesta ikkje får kontakt med 7% av elevane som skal ha oppfølging. Rådmannen vert beden om å gjennomføre tiltak slik at ein kan garantera at alle elevar vert kontakta og får eit tilbod dersom dei ynskjer det.»

I denne saka vil fylkesrådmannen kort presentera Oppfølgingstenesta (OT) i Hordaland og den målgruppa tenesta har eit lovpålagt ansvar overfor. Saka vil synleggjera korleis tenesta arbeider, og eksisterande ressursar i OT er tekne med for å visa breidda i tilbodet til ungdomane. Statistikk og bruk av kodeverk står sentralt i arbeidet.

OT står overfor utfordringar i arbeidet med å nå fram til ungdomane som er i ferd med å falla ut av opplæringssystemet, og det vert lagt ned mykje arbeid for å få kontakt med målgruppa «ukjent aktivitet» (OTUK). Tidleg kontakt og gode tiltak er viktig førebyggjande arbeid sett i eit folkehelseperspektiv.

Framstillinga i denne saka syner at OT i Hordaland har system og tiltak som kan garantera at alle unge i målgruppa vert kontakta.

Flytskjema som viser korleis tilsette i OT arbeider, er lagt ved som vedlegg.

Økonomi: I eit samfunnsperspektiv vil ungdom i aktivitet ha ein vesentleg økonomisk gevinst.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Tidleg kontakt og gode tiltak er viktig førebyggjande arbeid sett i eit folkehelseperspektiv

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Vedlegg: Flytskjema

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.03.2018

Kort presentasjon av Oppfølgingstenesta (OT) i Hordaland.

Ungdom, føresette og andre kan ta direkte kontakt med Oppfølgingstenesta (OT) utan tilvising. Skulane skal kalla inn til avklaringsamtale der OT deltek, så snart det vert kjent at ein ungdom står i fare for å avbryta opplæringa.

Tenesta tilbyr både rettleiing og aktivitet og har eigne tiltak og/eller koordinerer tiltak for at ungdomane skal koma i aktivitet.

Hordaland fylkeskommune har 16 OT- rådgjevarar, ein OT- leiar og ein kontortilsett i tenesta; totalt 17,10 årsverk.

Oppfølgingstenesta si målgruppe


Målgruppa til OT er ungdom med rett til opplæring etter § 3-1 i opplæringslova som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Tilbodet om oppfølging gjeld til og med det skuleåret ungdommen fyller 21 år.

OT skal sørgja for at all ungdom som tilhøyrrer målgruppa, får tilbod om kompetansefremjande opplæring, arbeid eller aktivitet, jf. *Forskrift til opplæringslova* § 13-2. Tilboda skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring. OT pliktar å ha oversyn over alle i målgruppa (*Forskrift til opplæringslova* §13-3).

Målgruppa er delt inn i kategoriane:

1. Ukjent aktivitet - kode OTUK
2. Under oppfølging og rettleiing
3. I aktivitet
4. Avklart

Omfang - begge kjønn

 Du ser på: **Begge kjønn** (kjønn), **Alle aldersgrupper** (aldersgruppe), **Alle tilmeldingskoder** (tilmeldingskode)

Målgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	Juni 2017		November 2017		Februar 2018	
	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland
- I målgruppe	17 978	1 920	13 747	1 593	15 316	1 858
+ Ukjent aktivitet	1 014	148	2 309	319	1 528	233
+ Under oppfølging og veiledning	4 191	467	3 259	339	3 738	465
+ I aktivitet	8 029	771	5 203	660	6 379	772
+ Avklart	4 744	534	2 976	275	3 671	388

Nasjonale tal frå februar 2018 syner at 15316 ungdomar er i OT si målgruppe, av desse 1858 i Hordaland.

Tal frå Hordaland i november 2017 viser 319 ungdomar med ukjent aktivitet, medan talet er redusert til 233 ungdomar i februar 2018.

Omfang – fordelt på kjønn

i Du ser på: **Gutt** (kjønn), **Alle aldersgrupper** (aldersgruppe), **Alle tilmeldingskoder** (tilmeldingskode)

Maalgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	Juni 2017		November 2017		Februar 2018	
	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland
- I målgruppe	10 368	1 073	8 008	920	8 805	1 037
+ Ukjent aktivitet	647	90	1 414	193	938	150
+ Under oppfølging og veiledning	2 561	281	1 990	203	2 243	273
+ I aktivitet	4 829	458	3 122	387	3 818	436
+ Avklart	2 331	244	1 482	137	1 806	178

i Du ser på: **Jente** (kjønn), **Alle aldersgrupper** (aldersgruppe), **Alle tilmeldingskoder** (tilmeldingskode)

Maalgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	Juni 2017		November 2017		Februar 2018	
	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland
- I målgruppe	7 610	847	5 739	673	6 511	821
+ Ukjent aktivitet	367	58	895	126	590	83
+ Under oppfølging og veiledning	1 630	186	1 269	136	1 495	192
+ I aktivitet	3 200	313	2 081	273	2 561	336
+ Avklart	2 413	290	1 494	138	1 865	210

Tal i tabellen viser fordeling mellom kjønn der det går fram at fleire gutar enn jenter er i målgruppa.

Kjelde: <https://statistikkportalen.udir.no/vgs/Pages/Statusgruppe.aspx>

Kva betyr det at ein ungdom er ukjent for Oppfølgingstenesta?

OT legg ned store ressursar for å få kontakt med ungdomar som er koda som OTUK (= ukjent aktivitet). Dette arbeidet pågår gjennom heile skuleåret. OT samarbeider internt med opplæringsavdelinga og dei vidaregåande skulane, og eksternt med NAV, barnevernstenesta, helseinstitusjonar og kommunar for å få kontakt med ungdomane.

OT nyttar kodeverket frå Utdanningsdirektoratet (Udir). Omkoding til oppfølging og veiledning (OTOV) blir ikkje gjort før det er etablert kontakt med ungdomen.

«OTUK – Ukjent aktivitet

- Koden brukes som første OT-statuskode for ungdommer som ikke har søkt, takket nei, ikke har møtt ved skole-/lærestart eller ungdom som slutter i skole/lære.
- Koden skal stå inntil oppfølgingstjenesten har etablert kontakt med ungdommen.
- Utsendelse av brev/sms/e-post og lignede **uten** svar eller tilbakemelding fra ungdommen, regnes ikke som å ha etablert kontakt med ungdommen.
- For ungdom under 18 år kan i enkelte tilfeller foresattes tilbakemelding om ungdommens situasjon, regnes som å ha etablert kontakt. For eksempel hvis sykdom eller soning vanskeliggjør kontakt med ungdommen»

(Utdrag fra UDIR sitt kodeverk)

Koden *Ukjent aktivitet* (OTUK) betyr **ikkje** at OT ikkje veit kven ungdomane er. OT har både namn, alder, folkeregistrert adresse og det mobilnummeret ungdomane sjølv har oppgitt.

Som utdraget frå Udir viser, skal alle i målgruppa kontaktast via brev (informasjonsbrev til føresette til ungdom under 18 år), tekstmelding og telefon. Når 233 ungdomar i februar 2018 står med ukjend aktivitet (OTUK), tyder det at desse ikkje har svart på brev, telefon og/eller tekstmelding frå OT. Dei har heller ikkje gjeve tilbakemelding om kva for ein aktivitet dei eventuelt er i.

Korleis arbeider Oppfølgingstenesta for å få kontakt med dei som har ukjent aktivitet?

Kontakt med utgangspunkt i inntakslistene

Kvar haust får OT overført inntakslistar over alle som ikkje har fått læreplass eller er i annan aktivitet. Listene vert oppdaterte etter at skulane har meldt inn frammøte til opplæringsavdelinga (Inntakskontoret). Då byrjar arbeidet med omkodning. Listene vert oppdaterte gjennom heile skuleåret. I september mottok fylkeskommunen listene frå dei private vidaregåande skulane, og i oktober går det brev ut til dei ein ikkje har oppnådd kontakt med. Føresette til ungdom under 18 år får brev. Denne kontakten vert følgd opp med tekstmelding etter om lag to veker, der dei får høve til å svara via chat. (Vedlagt flytskjema, utarbeidd av OT som syner korleis denne chatte-tenesta er organisert).

Etter at aktiviteten vist i flytskjema er gjennomført, held arbeidet med å etablere kontakt fram. Døme på denne type arbeid er bruk av 1881, «gule sider», telefonkontakt med tidlegare skular, telefon til føresette til ungdom under 18 år og bruk av e-post, der e-postadressa er kjend.

Samarbeid med NAV

NAV Hordaland og Hordaland fylkeskommune har ein overordna samarbeidsavtale som vert fornya kvart 3.år. Denne vart sist fornya i januar 2017.

Det er etablert årlege fagsamlingar mellom ungdomskontaktane i NAV stat og NAV kommune, OT-koordinatorane og tilsette i fagopplæring. Samlingane vert innleia av fylkesdirektør opplæring og fylkesdirektør i NAV, der begge legg stor vekt på etterleving av samarbeidsavtalen og på den heilskaplege oppfølginga etatane har eit felles ansvar for.

For den daglege overvakinga av korleis avtalen vert følgd opp, er det etablert eit leiarforum på fylkesnivå der ein avdelingsdirektør i NAV, seksjonsleiar for fagopplæringa og seksjonsleiar for Oppfølgings- og PP-tenesta jamleg møtest.

Utanom desse samlingane har OT og NAV jamlege møte, der målsettinga er å fanga opp ungdom utanfor aktivitet. Det vert utarbeidd oppdaterte lister kvar månad, der det vert kontrollert om ungdom i målgruppa er registrert hjå NAV. Slik vert mange ungdomar utanfor aktivitet fanga opp av OT.

Før denne type samarbeid startar avklarar ein dette med ungdomen. NAV-kommune innhentiar alltid samtykke frå den unge før ein svarar på spørsmål.

Samarbeid med barnevernet

OT samarbeider godt med barnevernet, men har ikkje pr dato ein konkret samarbeidsavtale vedkomande ungdom med ukjend aktivitet. Barnevernsinstitusjonar tar gjerne direkte kontakt vedkomande ungdom som bur på institusjonen.

Samarbeid generelt

OT blir med ujamne mellomrom kontakta av helseinstansar som ønskjer å etablere samarbeid rundt ungdom utanfor opplæring eller annan kjend aktivitet.

Fengselsvesenet kontaktar også OT der det er trong for å laga ein oppfølgingsplan etter endt soning.

Ressursar i OT

OT i Hordaland har ei rekkje tiltak og verkemiddel utvikla både før og under perioden med *Ny Giv og Program for betre gjennomføring*. Det har vore lagt vekt på at tilboda og tenestene skal vere «saumlause». Det betyr at ungdomen ikkje skal ha pausar i oppfølginga når det er snakk om overgangar. Ungdomen skal alltid ha ein ansvarleg i OT som føl opp. Dette kan illustrerast med ei «tiltakstrapp»:



Hordaland fylkeskommune har hatt ein stor auke i kombinasjonstiltak. Det er etablert fleire fylkeskommunale tiltak for målgruppa, som til dømes Hyssingen produksjonsskole og #Gameplan. Hyssingen produksjonsskole er ein pilot og eit OT- tiltak, der idè- og verdigrunnlaget er å skape eit praktisk orientert læringsgrunnlag som kan gi ungdom lyst, moglegheit og kompetanse til å gjennomføre ei vidaregåande utdanning eller klare seg på arbeidsmarknaden. Tiltaket sine verkstader har ein reell produksjon og leverer varer og tenester til eksterne kundar. Hordaland fylkeskommune utvidar no tilbodet med produksjonsskule i Hardanger. Det grunnleggjande idè- og verdigrunnlaget til produksjonsskulen er å skape eit praktisk orientert læringsgrunnlag som kan gje ungdom under 21 år lyst, moglegheit og kompetanse til å gjennomføre ei vidaregåande utdanning eller klare seg på arbeidsmarknaden.

Skulen sine verkstadar vil ha ein reell produksjon og levere varer og tenester til eksterne kundar.

#Gameplan er eit gruppe- og kartleggingstiltak som OT har etablert og driv for ungdom som for tida ikkje er klar for andre tiltak, men som etterpå oftast går vidare til eitt av dei andre tiltaka.

Utover dette har OT ein avtale med Årstad vidaregåande skole om plass på studiesenter for ungdom i målgruppa. Skulen får midlar for å gje opplæring i teorifag i studiesenteret. Det er pågangen som regulerer talet på plassar, og det er kontinuerleg inntak gjennom året. Studiesenteret vert ofte brukt i kombinasjon med andre tiltak.

Utfordringar og framlegg til tiltak.

OT er i desse dagar del av Deloitte sin forvaltningsrevisjon om fráværstørebyggjande arbeid i 2018. I samband med tilsynet har tenesta hatt fokus på avklaringsamtalane, og korleis samarbeidet med dei vidaregåande skulane på systemnivå kan utviklast. Gode avklaringsamtalar er verdfulle for elevar som er i ferd med å melda seg ut av opplæringsystemet, og det føregår kontinuerleg arbeid for å forbetra dette samarbeidet med skulane.

For å synleggjera både utfordringane og framlegg til tiltak, vert dette sett opp i tabellform:

UTFORDRINGAR	TILTAK
Tidspunkt for melding om tal ungdom utanfor opplæring og annan aktivitet.	På dei jamlege samarbeidsmøta med opplæringsavdelinga vil tidsperspektivet ha fokus.
Oversikt over ungdom som bur på mottak eller i institusjon.	Systematisk samarbeid med leiar for at desse skal ha gode rutinar for å melda endring (t.d. flytting) til OT.
Ulik praksis på dei vidaregåande skulane når det gjeld avklaringsamtalar, permisjon, opplæring i utlandet.	Arbeid på systemnivå med skulane, slik at ein kan sikra seg gode rutinar for at OT skal få tidleg melding når ungdom skiftar status.
Ungdom som ikke svarer på brev, telefon og/eller tekstmelding.	Vurdera meir bruk av sosiale medium. OT vil vurdera eit «prosjekt» der ungdommen vert sterkt oppfordra til å svara på kontakten, og der ein har eit belønningssystem for å svara kjapt (t.d. trekking av ein IPAD).
Tidleg melding når ein lærling bryt kontrakten.	På dei jamlege samarbeidsmøta med fagopplæringskontoret vil rutinar for avbrot ha fokus.
Folkeregisteret vert ikkje jamnleg oppdatert.	Kodeverket i NyVigo er på plass i august, og listene frå Folkeregisteret vert oppdaterte då. Jamlege oppdateringar av registeret vil kunna betra prosessen.
Tenestene til OT kan synast lite kjent ute i kommunane.	Gjera tenesta betre kjent, t.d. gjennom inngåing av fleire samarbeidsavtalar .

Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk tenestekontor har inngått samarbeid med firmaet Karabin, og har sett av felles tid til å arbeida med utviklingsarbeid for å vidareutvikla tenestene. Eit av utviklingsområda i samarbeid med Karabin er å forbetra prosessane i høve kontakt med ungdomane i ukjent aktivitet.

Oppsummering og konklusjon

OT arbeider kontinuerleg for å identifisera og gje ungdom med ukjent aktivitet eit meningsfullt og godt opplæringstilbod, slik Forskrift til opplæringslova krev (§ 13.3). Dette er eit tidkrevjande arbeid som krev at ungdomane og deira føresette må samarbeida og gje rask tilbakemelding for å bli registrert med rett kode. Utdanningsdirektoratet sitt kodeverk er detaljert, og slik dagens system er, kan det sjå ut som OT i Hordaland berre kjenner identiteten til 93% av ungdomane i målgruppa. Oppfølgingstenesta kan garantera at alle ungdomane i målgruppa vert kontakta, og vert gjeve tilbod om rettleiing og aktivitet.

PS 23/18 Ymse